



Norsk Polarinstitutt  
Allison Bailey  
Framsenteret Postboks 6606 Langnes  
9296 TROMSØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6100 - 22/63452

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
23.08.2022

## Avvist søknad om hydrografisk rigg til forskning - gbnr / Lurefjorden

### Administrativt vedtak.

**Saknr: 905/22**

### Tiltakshavar:

### Ansvarleg søkjar:

### Søknadstype:

Norsk Polarinstitutt  
Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om etablering av midlertidig hydrografisk rigg avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 16.08.2022.

Saka gjeld søknad om etablering av midlertidig hydrografisk rigg i Lurefjorden i ein periode på om lag eitt år.

### Planstatus

Tiltak ligg i område sett av til bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

Tiltak ligg innanfor forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane.

## **VURDERING:**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Søknad må supplerast med situasjonskart og teikningsgrunnlag.

Situasjonskart må vise konkret plassering av tiltak, ytre rammer for tiltak, samt avstand til eventuelt relevante nabogrenser, bygg, kraftlinjer og liknande. Sjå meir om dette i SAK10 §5-4 bokstav m).

2. Søknad må supplerast med teikningsgrunnlag som syner omfang av tiltak. Det er naudsynt med plan-, snitt- og fasadeteikning. Sjå meir om dette i SAK10 §5-4 bokstav m).

3. Søknad er som utgangspunkt underlagt krav om ansvarleg søkjar. Søknad må supplerast med naudsynte ansvarsrettar og gjennomføringsplan.

Alternativt må det synleggjerast at tiltak er av ein karakter som gjer at det kan fritakast frå ansvarsrett.

4. Søknad krev dispensasjon frå arealføremål «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Alternativt må det grunngjevast at tiltak er av ein karakter som gjer at det kan fritakast frå dispensasjon etter pbl § 30-5.
5. Tiltak ligg innanfor område til forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane. Tiltak treng dermed avklaring, og mogelegeins vedtak, frå Statsforvaltaren i Vestland.
6. Det må leggjast med avklaring frå arbeidstilsyn for om tiltak krev løyve etter arbeidsmiljølova.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

## **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Mottakarar:**

Norsk Polarinstitut

Framsenteret 9296  
Postboks 6606  
Langnes

TROMSØ